



Arkivnr: 2014/10441-14

Saksbehandlar: Ingvar Skeie

**Delegert saksfremlegg**

---

**Fylkesrådmannen etter fullmakt**

## **Fornying av sertifikatlån og refinansiering av Kommunalbanklån**

### **Samandrag**

Eit sertifikatlån på 350 mill. kr skal fornyast den 10. mars. Ein nyttar samstundes høvet til å refinansiere eit lån i Kommunalbanken på 91 mill. kr, slik at det nye lånet vert 441 mill. kr. Fylkesrådmannen går inn for å refinansiere med eit 12-månaders sertifikatlån, tilrettelagt av DNB Markets.

### **Vedtak**

I medhald av Reglement for finansforvaltninga i Hordaland fylkeskommune gjer fylkesrådmannen slikt vedtak:

Det vert teke opp eit 12-månaders sertifikatlån, tilrettelagt av DNB Markets, til refinansiering av to tidlegare lån. Renta er 1,773 % fram til 10.03.2015.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Johnny Ernst Stiansen  
fylkesdirektør økonomi

*Saksfremlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

## Fylkesrådmannen, 06.03.2014

Eit sertifikatlån på 350 mill. kr har forfall 10. mars, og må fornyast.

Sertifikatlån er for tida den lånetypen som har lågast rente. Renta på 3-månaders sertifikatlån ligg ca. 0,5 % under p.t. renta i Kommunalbanken, som er 2,25 %.

Den relativt store skilnaden i rentesats i høve til Kommunalbanken gjer det aktuelt å vurdere å refinansiere nokre av låna i Kommunalbanken. Ulempa med sertifikatlån er den korte løpetida. Det er noko arbeid med å stadig fornye låna, og det er ein viss risiko for at ein ikkje kvar gong vil få like gunstige rentevilkår.

Fylkeskommunen har 2 mindre lån i Kommunalbanken på 91,8 mill. kr og 94,1 mill. kr. Fylkesrådmannen går inn for at desse vert slått saman med eksisterande sertifikatlån som skal fornyast. Dermed vil ein oppnå ei viss innsparing i rentekostnad samstundes som talet på lån går ned.

Ved fornying av sertifikatlånet på 350 mill. kr, kan beløpet aukast med 91 mill. kr til 441 mill. kr. Dermed får ein refinansiert eit av Kommunalbanklåna. (0,8 mill. kr vert ført som avdrag.) Det andre Kommunalbanklånet, som er nemnt ovanfor, tek ein sikte på å slå saman med eit sertifikatlån som skal fornyast seinare i månaden.

Fylkeskommunen har for tida 7 sertifikatlån. 4 av dei har forfall i perioden 10. – 18. mars. Det er ønskjeleg med noko betre spreiling av forfallstidspunkta. Ein vil difor be om tilbod på ulike løpetider når låna skal fornyast denne gongen.

For lånet som skal fornyast 10. mars vil ein be om tilbod på 2,5 mnd. og 12 mnd.

Bergen Capital Management har gjennomført anbodsrunde for fylkeskommunen. Det har kome inn følgjande tilbod den 06.03.2014:

	2,5 mnd	12 mnd.
Sparebank 1 Markets	1,710 %	1,860 %
Nordea Markets	1,620 %	1,900 %
DNB Markets	1,624 %	1,773 %
SEB Merchant Banking	1,590 %	1,800 %
Danske Bank Markets	1,630 %	1,800 %
Kommunalbanken	1,607 %	1,790 %
Swedbank	1,800 %	-

Dei innkomne tilboda vert vurdert som svært gode, både på 2,5 månader og 12 månader.

Når ein tek omsyn til gebyr, er Kommunalbanken sitt tilbod lågast på 2,5 månader og DNB på 12 månader. Rentesatsen er, som venta, lågast på den kortaste løpetida. Fylkesrådmannen ønskjer likevel denne gongen å ta opp eit 12-månaders lån.

For det første kan det vere ønskjeleg å ha lån med varierande løpetid i porteføljen. Ein bør unngå å ha stor andel av lån som skal rullerast kvar 3. månad.

For det andre er det ikkje sikkert at ein i løpet av eit år kjem mykje gunstigare ut ved å rullere lånnet kortsiktig. Dei siste to åra har ein berre unntaksvis fått tilbod om sertifikatlån til rente under Nibor-renta. I dag er 3-månaders Nibor notert til 1,71 %. Marknaden forventar om lag uendra rentenivå det første året. Ut frå erfaringa dei siste åra, er det dermed sannsynleg at ein ved eventuelle nye rullingar av lånnet gjennom 2014 vil få ein rentesats over 1,7 %. Siste 3-månaders perioden har ein betalt 1,75 % rente.

Fylkesrådmannen aksepterer tilbodet fra DNB Markets om 12-månaders sertifikatlån til 1,773 % rente. Dette er i samsvar med tilrådinga frå Bergen Capital Management.